

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **28. mai 2025** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av leiar Olav L. Rossebø.

MØTESTAD:	Bokn Arena, Boknahåve
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMER:	Olav L. Rossebø (H), Anne Løvereide Faye (Uavh.), Sondre Tveita (Sp), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Daghild G. Alvestad (Uavh.)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Stats. aut. revisor Tore Kristensen og forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad og kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 19.02.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 19.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 19.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/25 ORIENTERING OM ØKONOMIAVDELINGA V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad orienterte om avdelinga. Dei er to tilsette og har ein støttefunksjon for resten av kommunen. Ho gjorde greie for dei mange og ulike arbeidsoppgåvene, digitalisering, optimalisering i bruk av systema, rapportering og sjukefråvær.

Kommunalsjefen svara på spørsmål. Leiar takka for ei interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef økonomi og administrasjon Lillian Grønnestad si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 08/25 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek vedlagte uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2024 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegga).

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Bokn kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Revisor Tore Kristensen viste ein presentasjon og orienterte om revisjonen sitt arbeid. Han gjorde greie for kommunen sin økonomisk situasjon og kommunen sine måltal. Vidare gjorde han greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen og tilrådingar til forbetringar.

Revisjonsberetninga var utan merknader. Revisor meinte at kommunen hadde god kontroll og gode rutinar.

Utvalet var nøgd med orienteringa og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek vedlagte uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2024 slik den ligg føre.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Bokn kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024.

SAK 09/25 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar attestasjonsuttalen frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Revisor Tore Kristensen orienterte om kontrollen. I 2024 hadde dei undersøkt selvkostberegning med hovedvekt på direkte og indirekte kapitalkostnader for vann, avløp og slam. Revisor meinte kommunen hadde gjort ei god og nødvendig opprydding på dette området.

Revisjonen sin konklusjon var positiv, dei meinte kommunen i det alt vesentlege etterlevde bestemmelsene i selvkostforskriften § 5.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar attestasjonsuttalen frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 til orientering.

SAK 10/25 REVISJONSRAPPORT – «INTEGRERING AV FLYKTNINGAR»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Integrering av flyktningar» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen viste ein presentasjon og gjorde greie for rapporten.

Han gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode.

Vidare så gjorde han greie revisjonen sine funn og vurderingar knytt til kvar problemstilling.

Kommunedirektøren sitt høyringssvar blei kommentert. Revisjonen hadde ei tilråding til kommunen, som handla om fastsetting av målsettingar for integreringsarbeidet.

Medlemmene var nøgd med rapporten og slutta seg til framlegg til innstilling.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25 og innstilling til kommunestyret:

1. *Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Integrering av flyktningar» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 11/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

7. Statusrapport pr. mai 2025
8. Kst-vedtak 29.04.25 – kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding
9. Kst-vedtak 29.04.25 – oppfølging av revisjonsrapport «Bokn skule»
10. Tertialrapport pr. 30.04.25 frå Rogaland Revisjon
11. Representantskapsmøte 24.04.25 – Haugaland brann og redning IKS
12. Representantskapsmøte 28.04.25 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Representantskapsmøte 24.04.25 – Haugaland Vekst IKS
14. Møte i Havnerådet 10.06.25 – Karmsund Hamn IKS
15. Invitasjon til dagskonferanse i Sandnes 14.10.25

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Utvalet ikkje ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 28.05.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 7 – 15 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 03.09.25, kl. 18.00

Saker: orientering frå flyktningekoordinator, utvalet sitt budsjett for 2026, val av nytt revisjonsprosjekt, orientering om revisjonsstrategi og revisor sin eigenerklæring.

Bokn/Aksdal, 28.05.25

Olav L. Rossebø
Leiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær